

A photograph of a road intersection. The road is asphalt with white dashed lane markings and white arrows pointing left. On the right side, there is a blue circular sign with a white arrow pointing down and to the right, mounted on a black and yellow striped post. In the background, there are trees, streetlights, and a sign that says "Solfura".

# Forskrift om kommunal vegnorm for Os kommune



Kommune



Os kommune

2015

## Innhald

1	Innleiing .....	4
1.1	Kvifor lokal vegnorm.....	4
1.2	Verkeområde .....	4
1.3	Eigarskap for vegar .....	5
1.4	Heimelgrunnlag .....	5
2	Norm for veg- og gateutforming Os kommune.....	7
2.1	Innleiing lokal norm .....	7
2.2	Gjeldande lokale krav/avklaringar for Os kommune .....	7
2.2.1	A: OVERORDNA DEL.....	7
2.2.2	B: GATER.....	7
2.2.3	C: VEGAR.....	7
2.2.4	D: UTBETRING AV VEGAR .....	10
2.2.5	E: TEMAKAPITLER .....	10
2.2.6	F: DIMENSJONERINGSGRUNNLAG.....	10
2.3	Reguleringsbredder veg .....	10
2.4	Reguleringsføresegner .....	11
2.5	Krav til prosjekterande/planmateriell .....	12
2.6	Vilkår for opptak til kommunal veg.....	13
2.7	Eigedomstilhøve .....	13
2.8	Mellombels ferdigstilling.....	13
2.9	Utbyggingsavtalar .....	14
2.10	Vegbygging .....	14
3	Vedlegg .....	15
3.1	Vedlegg 1: Oversikt over vegnormalene/retningslinene: .....	15
3.2	Vedlegg 2: Vedleggsliste til tekniske planar .....	16

## 1 Innleiing

Vegnormalane har heimel i forskrift etter veglova sin § 13 om anlegg av offentleg veg. Forskriftene gjev generelle rammer for utforming og standard, og gjeld alle offentlege veger og gater, jf. Veglova sin § 1.

Det er utarbeida ei rekke vegnormalar som gjev utfyllande føresegner for planlegging, prosjektering, drift og vedlikehald av veger og gater.

Denne vegnorma er meint å gi avklaringar i høve vegnormalane. Vegnorma må difor lesast i nøye samanheng med vegnormalane. Når særskilde tilhøve ikkje er nemnd i denne vegnorma, gjeld gjeldande versjon av vegnormalane.

For nærmare oversikt over aktuelle vegnormalar/retningslinjer, sjå vedlegg 1

### 1.1 Kvifor lokal vegnorm

Føremålet med utarbeiding av ei kommunal vegnorm er å etablere eit grunnlag for planlegging og bygging av nye kommunale veger. Kommunal vegnorm vert også lagt til grunn når kommunen skal overta eksisterande veganlegg.

Kommunal vegnorm skal tydeleggjere, presisera eller tilpassa bruken av Statens vegvesen sine vegnormalar for offentleg veg i Os kommune. Norma skal syta for god framkomme, trafikktryggleik og drift. Vegnorma gjev lik standard for alle partar i utbyggingsfasen.

### 1.2 Verkeområde

Kommunal vegnorm gjeld for kommunale vegar, avkøyrslar og parkeringsplassar og forbindelsen til kommunal veg frå andre trafikkanlegg. Norma er basert på Statens vegvesens handbok N100 (tidl. 017). Os kommune si vegnorm skal leggjast til grunn ved planlegging og bygging av søknadspliktige tiltak gitt i plan og bygningslovas § 20.1. bokstav l. Kravet gjelder for veg som kommunen står som byggherre for eller som kommunen skal overta frå andre.

Ved utbetring av eksisterande kommunal veg bør vegnorma takast i bruk så langt det passar.

Dersom det er føremålstenleg kan vegnorma leggjast til grunn også for private vegar eller vegar som er open for alminneleg ferdsel og som ikkje skal overtakast av kommunen.

Ved utbyggingsavtaler skal norma leggjast til grunn for planlegging og kravspesifikasjon.

Det vil alltid vere siste reviderte utgåve av vegnormalane som er gjeldande. Kommunen vil ut frå behov revidera eigen vegnorm og siste reviderte utgåve vil være tilgjengeleg via kommunen sine heimesider <https://oskommune.no>. Revisjon av kommunal vegnorm er delegert til rådmannen.



### 1.3 Eigarskap for vegar

Eigarskap for dei ulike vegane vert avklara i reguleringsplanen. Samleveg, atkomstveg og gang- og sykkelveg kan vera kommunale på vilkår nemnd i vegnorma. Eigarskap til øvrige vegar vert avgjort i plan i høve til plan- og bygningslova. Fellesavkøyringar skal ikkje takast over eller driftast av kommunen.

### 1.4 Heimelgrunnlag

Veglova si § 12 stiller krav til at all planlegging av riksveg, fylkesveg og kommunal veg skal skje etter reglene om planlegging i plan- og bygningsloven. Plan- og bygningslova og byggesaksforskrifta gjev nærare regler for dette.

Statens vegvesens vegnormaler har heimel i forskrift etter veglova § 13 for anlegg av veg. Forskrifta gjev generelle rammer for utforming og standard, og gjeld alle offentlige veger og gater, jamfør veglova § 1. Gjeldande "Forskrift for anlegg av offentlig vei" er sist vedtatt av Samferdselsdepartementet 29.3.2007.

Os kommune ser trong for ei nærare lokal tilpassing av dei sentrale føresegnene frå Vegdirektoratet. Kommunen står fritt til å gi egne føresegner innanfor ramma av Samferdselsdepartementet si forskrift om anlegg av veg og Statens vegvesen sine vegnormalar.

Bruk av Vegnorma må sjåast i samheng med Forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta). I dei tilfelle der veganlegg er anlagt etter føresegner gjeven i eller med heimel i veglov 21. juni 1963 nr 23, er offentlege veganlegg unnateke frå søknadsplikt. Dette gjeld så langt tiltaket er detaljert avklart i gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

For å samordne plan- og utførelsesfasen bør det tidleg i planfasen etablerast samarbeid mellom dei råka anleggseigarar og kommunen. Slik kan dei ulike aktørane sine behov og interesser verta ivaretatt best mogeleg.

I private utbyggingsprosjekter med utbyggingsavtale skal utbyggjar i utgangspunktet ha all koordinering som nemnd over dersom ikkje anna er sagt i avtalen. Kommunestyret er i høve til veglova kommunen si vegmynde. Administrasjonen er delegert vegmynde på ulike områder og ulik nivå som også vert gjenspeila i fråvikshandsaminga.

#### **Forskrifter gitt i veglova**

Med heimel i veglova av 21. juni 1963 nr 23 er det utarbeida ei rekkje sentrale forskrifter som er bindande for alle offentlege veger. Krav i sentral forskrift kan ikkje fråvikast av vegeigar på lik linje med krav i vegnormalar og vegnormer. Oversikt over forskrifter med heimel i veglova finns på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

Det kan nemnast særleg to sentrale forskrifter:

- Forskrift om anlegg av offentlig veg
- Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg

#### **Plan- og bygningslova med forskrifter**

Plan- og bygningsloven med forskrifter gjev regelverk for veg. Regelverket etter plan- og bygningslova er likestilt med regelverket etter veglova.

**Kommuneplanen**

Kommuneplanen med arealdelen vil saman med den kommunale Vegnormen setja rammer for planlegging og bygging av kommunale vegar.

**Bruk av norma**

Handboka har også ei rekkje henvisningar til andre handbøker i serien. Fleire av desse er rettleiarar og skal takast med i planlegginga dersom ikkje anna er sagt av kommunen.

## 2 Norm for veg- og gateutforming Os kommune

### 2.1 Innleiing lokal norm

Mest aktuelle normalar/retningslinjer er:

Handbok N100 Veg- og gateutforming (Tidl. 017)
Handbok N400 Bruprosjektering (Tidl. 185)
Handbok R310 Trafikksikkerhetsutstyr, tekniske krav (Tidl. 062)

For definisjonar av sentrale omgrep, sjå handbok N100 Veg- og gateutforming (Tidl. 017) «Definisjoner og begreper».

**Tabell 0.1: Bruk av skal, bør og kan. Høve til å fråvike krav på kommunale vegar \*).**

Verb	Betydning	Fråvik
Skal	Krav	Plan og bygningsutvalet kan fråvike tekniske krav. Fråvik skal grunngjevast.
Bør	Krav	Kommunen kan fråvike tekniske krav. Fråvik skal grunngjevast
Kan	Tilråding	Kan fråvikast etter faglig vurdering utan krav til godkjeningsrutinar.

\*) Vegnormalane med heimel i skiltforskriftas § 35 etter Vegtrafikklova (handbok N300, N301, N302 og N303) kan kun fråvikast av Statens vegvesen ved Vegdirektoratet.

### 2.2 Gjeldande lokale krav/avklaringar for Os kommune

#### 2.2.1 A: OVERORDNA DEL

Normalene sine krav til gater er i hovudsak berre aktuelt på Osøyro, alle andre område føl normalen sine krav til vegar.

Ved berekning av trafikkmengde kan det leggjast til grunn 5 ÅDT per bustadeining. Trafikkmengde frå annan type utbygging vert vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle.

Handbok R310 «Trafikksikkerhetsutstyr, tekniske krav» (Tidl. 062) er gjeldande som retningslinjer for kommunale vegar i Os.

#### 2.2.2 B: GATER

Ingen spesielle lokale krav/avklaringar

#### 2.2.3 C: VEGAR


**Mest aktuelle dimensjoneringsklassar i Os er:**

##### Samleveg

«Forbindelsesveg mellom atkomstveg og hovedveg i et differensiert vegsystem» (Handbok N100)

- Sa1 Samleveg i bustadområder, fartsgrense 50 km/t (bør ikkje være lengre enn 2 km, ÅDT < 1500).


**Lokalt krav:** Figur C.15: Tverrprofil Sa1, alternativ 2 bør nyttast. Kan utførast med einssidig fortau.



Figur C.15: Tverrprofil Sa1 (alternativ 2) minimum 10,5 m vegbredde inklusive fortau (mål i m)

- Sa 2 Samleveg, fartsgrense 50 km/t (ÅDT > 1500).

**Lokalt krav:** Figur C.16: Tverrprofil Sa2, alternativ 1 bør nyttast.



Figur C.16: Tverrprofil Sa2 (alternativ 1) 10,5 m vegbredde inklusive gang- og sykkelveg (mål i m)

### Atkomstveg

«Veg eller gate som gir atkomst til tilstøtende eiendommer og hvor det er tillatt med avkjørsler til disse» (Handbok N100)


**Dei mest aktuelle dimensjoneringsklassane i Os er:**

- A1 Atkomstvegar i bustadområde, fartsgrense 30 km/t (Bør ikkje være lengre enn 250 m blindveg, sløyfer kan ha lengde inntil 600 m).

**Lokalt krav:** Tverrprofil A1 5 m figur C.21 bør nyttast for vegar med meir enn 50 bueiningar i blindveg eller meir enn 80 bueiningar i sløyfe. Eiga løysing for gåande og syklende bør etablerast.


Tverrprofil A1 3,5 m figur C.20 kan nyttast elles.

Snuplass kan etter særskild vurdering utførast som vendehammar for Lastebil (L).



Figur C.21: Tverrprofil A1, 5 m vegbredde (mål i m)






Figur C.20: Tverrprofil A1, 3,5 m vegbredde (mål i m)

- A2 Atkomstvegar til industriområde, fartsgrense 50 km/t

**Lokalt krav:** Figur C.22: Tverrprofil A2 7 m. Vegbelysning bør etablerast.



Figur C.22: Tverrprofil A2, 7 m vegbredde (mål i m)

- A3 Atkomstvegar i spreidd busetnad, fartsgrense 50 km/t. (bør ikkje vera lengre enn 3 km, ÅDT < 300).

**Lokalt krav:** Figur C.23: Tverrprofil A3 4 m. Vegbelysning bør etablerast.



Figur C.23: Tverrprofil A3, 4 m vegbredde (mål i m)

### Gang- og sykkelveg

«Veg som ved offentlig trafikkskilt er bestemt for gående, syklende eller kombinert gang- og sykkeltrafikk. Vegen er skilt fra annen veg med gressplen, grøft, gjerde, kantstein eller på annen måte» (Handbok N100).

- Gang- og sykkelløysingar

**Lokalt krav:** Figur E.27 Gang- og sykkelveg. Vegbelysning bør etablerast, eventuelt ved at vegbelysning hovudveg vert tilpassa til å dekkja trongen.



Figur E.27: Gang- og sykkelveg (mål i m)

#### 2.2.4 D: UTBETRING AV VEGAR

Ved søknad om utbygging der eksisterande veg skal nyttast, skal det vurderast om den auka trafikken kan bruke vegen. Omfanget av eventuelle utbetringstiltak skal avklarast.

#### 2.2.5 E: TEMAKAPITLER

##### E.1.4 Avkjørsler

**Lokalt krav:** Avkjørselen må også byggjast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkjørselen

##### E.5 Belysning

**Lokalt krav:** Det skal leggjast vekt på anlegg med minimal energibruk (t.d. LED armaturar) og som har lang levetid. Anlegga skal tilretteleggjast for framtidige styringsanlegg inkludert demping og differensiert styring.

Alle anlegg skal ha eigen straummålar eller koplust til eksisterande kommunale veglysanlegg med eigen målar.

Skal også tilfredstillast krav i «Retningslinjer for veg og gatelys» (når denne er vedteken, er under utarbeiding).

Alle belysningsanlegg skal godkjennast av Os kommune før utførande arbeid kan starta.

#### 2.2.6 F: DIMENSJONERINGSGRUNNLAG

Ingen spesielle lokale krav/avklaringar

### 2.3 Reguleringsbredder veg

#### Generelt:


Alle mål er horisontal avstand.

Reguleringsgrensa går minimum 1,0 meter frå skjeringstopp og fyllingsfot. For flatt terreng, sjå den enkelte vegkategori.

### **Samleveggar:**

Reguleringsgrense minimum 2,0 meter frå vegkant/skulderkant, sjå skisse under.

## Samleveg



### **Atkomstveggar:**

Reguleringsgrense som for samleveggar. Viss grøft ikkje er naudsynt, kan avstand endrast til minimum 1,0 meter frå vegkant/skulderkant.

### **Kryss mellom vegar (både offentlege og private):**

Reguleringsbredde må omfatta område for friskt.

### **Avkøyringar:**

Det skal leggjast restriksjonar på frisktområdet.

## 2.4 Reguleringsføresegner

Reguleringsføresegner skal brukast til å klargjera forhold som ikkje er mogeleg eller hensiktsmessig å visa på plankartet. Føresegnene skal leggje til rette for ei forsvarleg og presis styring med utforming av areal og dermed sikre formålet med planen. Føresegnene er juridisk bindande og skal ha heimel i plan- og bygningslova (PBL). Sjå elles eigne retningslinjer og krav til innleverte private planar i Os kommune for uttømmmande liste.

### **Reguleringsføresegene skal:**

- Innehalda fullstendig opplisting av reguleringsføresmål som er nytta i plankartet.
- Alle vegar skal definerast; som offentlege eller felles/private vegar.
- For felles vegar skal det omtalast kva eigeedomar dei er felles for.
- Vegbreidder må definerast og omtalast.
- Innehalde krav om rekkefølge for opparbeiding av infrastruktur og felles vegar.
- Det må lagast føresegner som sikrar fri sikt i kurver tilsvarande stoppsikt også ut over reguleringsbredda.
- Det må gå fram om det er krav til at snuplass på eigen eigeedom må opparbeidast.
- Restriksjonar på frisktsonar må definerast og omtalast.
- Støy må vurderast og ev. avbøtande tiltak må avklarast og omtalast.

**Dette punkt skal inngå i alle føresegner så langt det er aktuelt:**

Ingen kan starte bygging på tomte før vegar/ m veglys, fortau, og felles parkeringsareal er sikra ferdig (opparbeida- og asfaltert).

Ingen kan heller starte bygging på tomte før vassforsyningsanlegg, avlaupsanlegg, overvassanlegg er sikra ferdig opparbeida i samsvar med til ein kvar tid gjeldande reglar (t.d. kommunale normer).

Ved etappevis utbygging avgrensar kravet seg til dei anlegga som førar fram til og med byggetomta.

Dersom kommunen skal overta VVA-infrastruktur skal avtale for slik overtaking være på plass ved søknad om rammeløyve for tekniske planar.

Sjå også pkt. 2.8 Mellombels ferdigstilling.

## 2.5 Krav til prosjekterande/planmateriell

Ansvarshavande for planlegging- og prosjekteringsarbeidet skal vera eit firma som kan dokumentera naudsynte kvalifikasjonar og kvalitetsrutinar tilpassa oppdraget sitt omfang og si kompleksitet. Prosjekteringa skal leiast, utførast og kontrollert av fagfolk med inngåande teoretisk kunnskap og praktisk innsikt.

Komplette prosjektdokument er dei detaljerte tekniske planane som inneheld teknisk beskrivelse med situasjonsplan, vegplan med lengde- og tverrprofiler, dreneringsplan, belyningsplan, skiltplan, normalprofil for ferdig veg samt naudsynte detaljteikningar utarbeida i henhold til vegnormalane og Vegnorm for Os kommune. Sjå vedlegg 2 for liste over nødvendige vedlegg.

Detaljerte tekniske planar skal sendast Os kommune v/Byggesak for handsaming. Det må sjekkast at tekniske planar er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Oppstart av veganlegget kan ikkje gjerast før Os kommune har godkjent dei tekniske planane, og eventuelt oppstartsløyve er gjeve.

Os kommune kan gje supplerande pålegg etter at godkjenning er gjeven, når dette er naudsynt for å få eit funksjonsdyktig anlegg og eit anlegg med tilfredstillande kvalitet.

Før Os kommune kan ta over eit veganlegg til kommunalt vedlikehald, skal komplett dokumentasjon for veganlegget inklusiv innmålingar sendast inn, regulert veggrunn skal vederlagsfritt skøytast over til kommunen og overleveringsforretning skal vera gjennomført.

## 2.6 Vilkår for opptak til kommunal veg

Alle samlevegar bør vera offentlege. Atkomstvegar er i utgangspunktet private, men kan verta offentlege etter vurdering. Dette gjeld særskild vegar som har offentlig interesse. For eksisterande private vegar som vert vurdert for omklassifisering, må det gjerast særskilde vurderingar ut i frå gjeldande krav i denne norma.

Vilkår for overtaking av veg til kommunalt vedlikehald:

1. Veglengd  $\geq$  200 m \*)
2. Atkomst til  $\geq$  30 heilårs bueiningar \*)
3. Blindveg må ved endepunktet ha snuplass dimensjonert etter handbok N100.
4. Byggjegrense målt frå senterlinje veg minimum 12 m for samleveg og 8 m for atkomstveg og g/s vegar (må ikkje kome nærare enn frisktlinja).
5. Vegstandard inkludert fortau/gangveg, veglys, skilting og merking skal vera i samsvar med vegnormalane og kommunal vegnorm. ( Sjå også pkt. 2.2.4)

\*)= Krav til lengde og tal på bueiningar kan reduserast i følgjande tilfelle:

- Når vegen går til andre bygg (t.d. industri m.m.)
- Når det er tilgrensande ubygde tomter, eller når det er utsikter til at vegen ved forlenging kan utløysa nytt byggjeland.
- Busstrafikk
- Når vegen leier til friluftsområder, idrettsanlegg, skular eller anna med særleg offentlig interesse.
- Når vegen dannar ynskt forbindelse med andre offentlege vegar.
- Når vegen skal leia gjennomgåande gang- og sykkeltrafikk.

Det skal førast protokoll frå overtakingsforretning ved kommunal overtaking, og det skal fastsetjast frist for utbetring av påviste manglar. Kommunen kan ikkje overta før etter at påviste feil er retta.

## 2.7 Eigedomstilhøve

Kommunen skal ha eigedomsretten til heile den regulerte vegbredda. Grunnen skal overførast vederlagsfritt til kommunen før overtaking av vegen

## 2.8 Mellombels ferdigstilling

Når kommunen finn det hensiktsmessig, kan det i særskilde høve verta inngått avtale om mellombels ferdiggjering av veganlegg. Dette er særleg aktuelt i utbyggingsområder der veganlegget vert bygd ut og den øvrige bustadbygging skjer seinare.

Kommunen vil vurdere i kvart einskild høve å overta veganlegg og eventuelt VA-anlegg mellombels (og til ulike tidspunkt). Prinsipielt vil kommunen ikkje overta private vegar i eit utbyggingsfelt før heile feltet er ferdig utbygd. Delovertaking/avtale om mellombels ferdigstilling kan vera aktuelt der

utbyggjar stiller sikkerheit for at utbyggjar sjølv rettar opp skader på veganlegget i perioden frå veganlegget er overteke av kommunen og fram til heile utbyggingsfeltet er ferdig utbygd.

## 2.9 Utbyggingsavtalar

Ein utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommune og grunneigar/utbyggjar som regulerer kommunen og utbyggjar sin pliktar ovanfor kvarandre.

Dette gjeld særskilde tilhøve som ikkje like godt kan regulerast gjennom plan- og lovverk som t.d.:

- Kven planlegg, byggjer osv.
- Kostnadsfordeling/nivå
- Teknisk standard
- Gjennomføring, tidsplan
- Overtaking, drift

Kommunen kan på gitte vilkår overta private vegar eller delar av slike anlegg som offentleg veg når dette inngår som del av ein utbyggingsavtale.

## 2.10 Vegbygging

Lokal vegnorm for Os kommune tilsvarar krava for vegbygging i vegnormalane med dei unntak som er gjeven under.

**Mest aktuelle normalar er:**

Handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder (Tidl.231)
Handbok N200 Vegbygging (Tidl. 018)
Handbok N300 Trafikkskilt (Tidl. 050)
Handbok N302 Vegoppmerking (Tidl. 049)

Merk at det i tillegg finst ein god del handbøker som er å sjå på som veiledningar, sjå

<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Krav til dekketjukkuleik og dekketype:

Dekketype	Dimensjoneringsklasse		
	Samleveg SA1	Samleveg SA2 og atkomstveg A2	Atkomstveg A1 og A3
Agb	5 cm		4 cm
Ab over Ab, Agb		3,5 cm over 2,5 cm	

For andre dimensjoneringsklassar, gjeld krava i handboka.



### 3 Vedlegg

#### 3.1 Vedlegg 1: Oversikt over vegnormalene/retningslinjene:

Handbøker som har status som vegnormaler/Retningslinjer (Statens vegvesen sin handbokserie):

Handbok N100 Veg- og gateutforming (Tidl. 017)
Handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder (Tidl.231)
Handbok N200 Vegbygging (Tidl. 018)
Handbok N300 Trafikkskilt (Tidl. 050)
Handbok N301 Arbeid på og ved veg (Tidl. 051)
Handbok N302 Vegoppmerking (Tidl. 049)
Handbok N303 Trafikksignalanlegg (signalnormal, Tidl. 048)
Handbok N400 Bruprosjektering (Tidl. 185)
Handbok N500 Vegtunneler (Tidl. 021)
Handbok R310 Trafikksikkerhetsutstyr, tekniske krav (Tidl. 062)

## 3.2 Vedlegg 2: Vedleggsliste til tekniske planar

Følgjande teikningar inngår i tekniske planar når dei er aktuelle:

Type	Forklaring	Målestokk	Lever
A	Framsida, innhaldsliste, teikningsliste, teiknforklaring		
B	Oversiktskart	1:5000	
C	Vegplan, plan og profil	1:500 / 1:100	
E	Ved behov: Vegkryss, avkjørsler, serviceanlegg, rasteplasser, parkeringsanlegg, busslommer, møteplasser m.m.	Normalt 1:200	
F	Normalprofiler	Tverrsnitt 1:50 Overbygning 1:10	
G	Plan for handtering av overvatn m/detaljar. Slukplan med drensleidning	Som vegplan	
H	Offentlege og private leidningar: Eksisterande leidningar, omleggingar og nyanlegg	Som vegplan	
I	Kablar og linjer (e-verk, televerk m.m.): Eksisterande kablar og linjer, omleggingar og nyanlegg.		
J	Byggetekniske detaljar, for eksempel kantstein, rekkverk, støyskjermer, bruer, undergangar, tunnel, støttemurer m.m.		
K	Konstruksjonar, f.eks. undergangar		
L	Skilt og oppmerkningsplaner. Signalanlegg. Godkjenning nødvendig.		
N	Belysningsplaner		
O	Bepantningsplanar og møblering		
U	Tverrprofiler	1:100	
W	Spesielle teikningar når det gjeld grunnerv		
X	Spesielle temateikningar		

Teikningane bør sendast inn i A3 format (pdf) og digitalt (AutoCAD filtype)

Teikningane skal reviderast «som bygd» når arbeidet er fullført og leverast kommunen i god tid før overtaking kan finna stad.